

Søskenbarntreff i Sandaslekt.

12.06.2017



Søskenbarntreff på Sanden.

Sist helg var det to slekts- og søskenbarntreff i Uskedalen. Denne laurdagen var det barnebarna til Marta og Mandius Myklebust som møttest til søskenbarntreff. 22 møtte opp, og dei hadde nokre kjekke timer med både planlagt progam, spontaninnslag og mykje god mimring utover laurdagskvelden.

Oppmøtestad var naturleg nok gammahuuset Martabu. Der vart dei ønskt velkommen av bestemor Marta, med Vigdis Schultz utkledd i rolla. Då dei vel var ønskt velkommen runda onkel Olav Myklebust(Kjersti Nilsen Børve i rolla) hushjørna. Han kom frå Tysnes med fisk. Også andre var utkledde og i rollene til tidlegare generasjon. Vi

la merke til at Geir Nilsen hadde rolla som onkel Arne på Sanden. Dermed var den gode stemninga som har prega denne familien skapt. Den fulgte dei resten av kvelden.



Besto(Vigdis Schultz) ønskte vekommen.



Onkel Olav(Kjersti N. Børve) kjem frå Tysnes med fisk.

Etter at dei hadde gjort seg kjend med Gamlahuset der det var butikk i kjellaren fram til 1962, leia Gunn Mari Moberg følgjet gjennom ei kulturvandring. Stoppunktet hadde det til felles at dei hadde tilknytning til Sandaslektø, og Gunn Mari hadde sett seg godt inn i historia og formidla den vidare, vart det fortalt meg.

Dei tok turen nedom revolvarkanona som har fått plass på Sandakaien. Den vart som kjent brukt under krigshandlingane aprildagane 1940. Revolvarkanoner vart montert på lastebilar, og ein av lastebileigarane var onkel Arne Myklebust. Han grov seinare kanona ned i sanden oppå huset. På 1980-talet vart den graven fram att og plassert som eit krigsminne nede på kaien.



Gunn Mari fortel om revolvarkanona.

Turen gjekk vidare til 'slaktehuset' der Gunn Mari kunne fortelja historia til dette bygget som no er tilbake i Sandaslektø si eige. Det starta med at Arne og Olav Myklebust gav grunn til bøndene slik det kunne byggjast eit slaktehus der. Sigvald Eik var drivkraft i arbeidet for å få slaktehuset bygt, og Vestlandske Salslag gjorde det mogleg med sitt bidrag.

Då kyrkja vart bygd i 1914, var Sandaslektø mellom dei som avstod grunn. Dermed var historia til den vel 100 år gamle kyrkja også ein naturleg del av denne kulturvandringa før dei gjekk vidare til Bautasteinen som i si tid vart reist ved hjelp av talje frå Sandajekto. Etter det eg har hørt, var omvisaren svært godt førebudd, og det vart ei svært interessant kulturhistorisk vandring.

Etter kulturvandringa var det middag og koseleg samvær i Helgheim. Frå innslaga her vart det nemnd at det var svært interessant å høyra Ove Olderkjær, tidlegare BT-journalist, fortelja om sitt arbeid for å finna spor etter ein av oldefedrene, 'Den forsvunne Sandaren'. Denne oldefarenen forsvann berre, og det heitte seg at han var emigrert til Amerika, men trass i mykje arbeid har det ikkje vorte funne spor etter han der. Ein teori er at han kom vekk på sjøen. Ove har nøsta opp i mykje, og han held fram arbeidet for å løysa denne gåta.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat